

Skarphedin Handball

Lagsmappe

Innhold

1	Velkommen til ny sesong.....	3
2	Oppgaver det enkelte laget har ansvar for.....	4
2.1	Foreldrekontakt(ar) til kvart lag	4
2.1.1	Vera kontaktpersonar	4
2.1.2	Lage liste over spelarar/foreldre/føresette.....	4
2.1.3	Lage kjørelistar for seriekampar - borte.....	4
2.1.4	Lage lister for personar til sekretariat ved seriekampar - heime	4
2.1.5	Lage lister for personar til å ta inngangspengar ved seriekampar - heime.....	5
2.1.6	Lag med yngre trenarar, dvs. der trenar er 15 år eller yngre.....	5
2.2	Sekretariat på heimekampar	5
2.3	Inngangspengar ved lagets heimekampar.....	5
2.4	Hallansvarlig.....	5
2.5	Foreldre/føresatte-ansvar.....	5
3	Informasjon til alle laga.....	7
3.1	Nettsider.....	7
3.2	Reglar for bruk av hallen i Gullbring (inkl. klister)	7
3.3	Betaling av spelarlisens	7
3.4	Deltakaravgift sesongen 2013/2014	7
3.5	”Sosialpengar” - støtte til laga	8
3.6	Fellescup.....	8
3.7	Dugnader i handballgruppa	8
4	Arrangementutval.....	9

1 VELKOMMEN TIL NY SESONG

Ny handballsesong er i startfasen og det er mange seriekampar som skal spelast av laga våre.

Heimekampane er i Gullbring,

Sjå www.skarphedin.no/Handball, i blå boks til høgre ligg linken ”Kampar i Gullbring frå i dag”.

Denne vil alltid vera oppdatert med alle heimekampar.

Sjå elles kampprogramma til det enkelte laget på nettsida under mappe ”Lag”.

Vi har 12 lag med i seriespel. Dette er

- J11
- J12
- J14
- J14
- J16
- J16
- J18
- G11
- G14
- Damer, 3. divisjon
- Herre, 2. divisjon
- Herre, 4. divisjon

I tillegg har vi ett lag som er for unge til seriespel. Dette er

- Rekrutt 2004

Vi håper på eit stort publikum på tribunen og ønskjer laga lykke til!

2 OPPGÅVER DET ENKELTE LAGET HAR ANSVAR FOR

2.1 Foreldrekontakt(ar) til kvart lag

Kvart lag skal ha ein eller to foreldrekontaktar. Desse skal veljast på fyrste møte med foreldre/føresette. Foreldrekontaktane frå sist sesong har ansvar for å arrangere dette. Frist for møtet/valet er 1. oktober og det skal sendast informasjon om nye foreldrekontaktar til dagleg leiar.

Oppgåver til foreldrekontaktane er:

2.1.1 Vera kontaktpersonar

Foreldrekontaktane skal vera eit bindeledd mellom

- foreldre/føresette og
 - o trenarar
 - o handballgruppa ved dagleg leiar
 - o styret

2.1.2 Lage liste over spelarar/foreldre/føresette

Dette er ei liste med oversikt over alle spelarar og foreldre/føresette på laget.

Skjema skal leverast elektronisk til dagleg leiar med opplysningar om

- Spelarens namn, adresse, fødselsdato og telefon
- Foreldre/føresette namn, adresse og telefon

- Det kan også vera fint å ha eit prioritert mobilnr på foreldre/føresette for mottak av gruppe-sms frå trenar/foreldrekontakt

Viktig! Denne lista skal ikkje sendast ut til alle foreldra eller leggst ut på nettsidene. Sjå mal for slik liste på www.skarpheidin.no/Handball under mappe ”Skjema/malar”.

Denne lista er nødvendig bl.a. ved

- lagliste for trenarar og foreldrekontaktane
- kamrappport ved seriekampar (namn og fødselsdato)
- sjekke at spelarane har betalt spelarlisens før fyrste kamp, sjå kap. 3.3 under
- informasjon frå laget/handballgruppa
- kontroll av innbetalt deltakaravgift
- innkalling av div. dugnader, f.eks. til Sommarland Cup
- knytte spelarane i handballgruppa opp mot kontingenten i Skarphedin. Hovudgruppa i Skarphedin fordeler denne kontingenten til gruppene ut frå kven som har betalt og kor dei er medlemmer.

Fristen for å levere utfylt liste til dagleg leiar er 1. oktober.

Denne lista skal oppdaterast gjennom sesongen og sendast dagleg leiar

- 1. januar og
- 1. mars

2.1.3 Lage kjørelister for seriekampar - borte

Denne lista bør ligge ute på nettsida til laget (be om nødvendig web-ansvarleg om hjelp). Lista skal vera klar 7 dagar før fyrste seriekamp.

2.1.4 Lage lister for personar til sekretariat ved seriekampar - heime

Sjå informasjon i kap. 2.2 under.

Denne lista bør ligge ute på nettsida til laget (be om nødvendig web-ansvarleg om hjelp). Lista skal vera klar 7 dagar før fyrste seriekamp.

2.1.5 Lage lister for personar til å ta inngangspengar ved seriekampar - heime

Sjå informasjon i kap. 2.3 under.

2.1.6 Lag med yngre trenarar, dvs. der trenar er 15 år eller yngre

Minst ein forelder/føresett må vera tilstades på kvar trening og kamp i tillegg til trenar.

2.2 Sekretariat på heimekampar

Kvart lag har ansvar for å ha to personar i sekretariatet ved kvar seriekamp heime i Gullbring. Sjå på www.skarpheidin.no/Handball for rettleiing av oppgåver i sekretariatet.

2.3 Inngangspengar ved lagets heimekampar

Det skal tas inn inngangspengar ved alle lagets heimekampar. Satsane er slik

- Seniorkamper: 50 kr for voksne og 30 for studenter
- Andre kampar: 30 kr
- Barn under 16år kommer inn gratis
- Skarphedin handballs spillere og trenere kommer gratis inn iført lagets drakter/overtrekk.

Dei som skal ta inngangspengar/sekretariat for fyrste kamp henter hvit kampperm og pengeskrin i Gullbring-resepsjonen, dersom noe annet ikke er avtalt. I kamppermen ligger kamprapporter, penger til dommere, samt ”Telleliste kontantomsetning”. Denne listen viser oversikt over hvor mye penger det ligger i skrinet, og er signert daglig leder før kamp. Personen som tar i mot inngangspenger teller opp hvor mye penger det er i skrinet etter kamp, og overleverer skrinet til neste lag. Etter siste kamp leverast pengeskrinet tilbake til resepsjonen. Begge signerar ”Telleliste kontantomsetning”.

2.5 Foreldre/føresette-ansvar

Nødvendig utstyr for ein spelar til trening og kamp er

- eigen ball
- sko med lys sole (reglar for Gullbring)
- drikkeflaske
- 10 kr til garderobeskåpet

Det kan vera lurt å legge smykke og pengar igjen heime!

Det må alltid meldast frå til trenar/foreldrekontakt når

- ein spelar som er teke ut til kamp ikkje kan møte
- foreldre/føresett som er sett opp på kjøreliste ikkje kan
- foreldre/føresett som er sett opp til jobb i sekretariat ikkje kan
- foreldre/føresett som er sett opp til å ta inn inngangspengar ikkje kan

Dei enkelte laget lagar sine reglar for slike tilbakemeldingar.

Foreldre/føresette er viktige rollemodellar for ungar – også på kamp. Ver raus og positiv med alle på banen. Viser ellers til vettreglane. ☺

3 INFORMASJON TIL ALLE LAGA

3.1 Nettsider

Skarphedins nettsider er www.skarphedin.no/Handball.

Alle lag bør ha ein person som kan legge inn informasjon på lagets eigen nettside. Be web-ansvarleg om brukarnamn og passord og om nødvendig hjelp til å komme i gang. Korleis denne nettsida skal brukast, bestemmer laget sjølv. Før sesongstart skal sida vera oppdatert med standard informasjon lagt inn av web-ansvarleg i handballgruppa.

Alle foreldre/føresette skal levere skriftleg godkjenning før ein kan legge ut bilde av spelarane. Det skal aldri leggast ut fullt namn. Sjå reglar for dette på nettsidene.

3.2 Reglar for bruk av hallen i Gullbring (inkl. klister)

Hovuddelen av treningane til laget er i Gullbringhallen. Gullbring har reglar for leige av hallen som handballgruppa må følgje. Brot på desse reglane kan føre til at vi blir utestengt.

1. Alle skal skifte til innesko i garderoben.
2. Bager, sekker o.l. skal **KUN** oppbevares i garderoben. **Hus**k_10_kr_til_skap!!
3. **Det er total forbud mot bruk av klister.** Det er kun tillatt fra 16 år og oppover, og da skal det

brukes klisterstasjon.

4. Etter endt aktivitet skal håndballmålene henges opp på veggen, Dette gjelder primært etter siste økt på kvelden.
5. Skjer det uhell i hallen, skal disse meldes til resepsjonen omgående.

Hvis alle kan holde disse reglene, vil vi få et mye bedre miljø i hallen. Samt at Gullbring blir fornøyd!

3.3 Betaling av spelarlisens

Spelarlisens er ein kombinert lisens til handballforbundet og forsikring av spelaren. Det er eit krav frå handballforbundet at alle som spelar ein seriekamp skal betale slik lisens.

”Alle spillere og dommere som deltar i organisert handballaktivitet skal løse lisens **fra og med det kalenderåret de fyller 13 år.**”

Lisensen er også automatisk ei forsikring i If Skadeforsikring. Det kan veljast mellom to typer forsikringar, ”LISE” og ”LISE+”.

Ved betaling av lisens må alltid KID-nr leggst inn. For nye spelarar vil dagleg leiar gje KID-nr. For dei som har betalt tidlegare kjem det rekning i posten i august/september med utfylt KID-nr.

For meir info. om dette, sjå www.handball.no/Handball

Dersom ein spelar deltek på seriekamp uten å ha betalt lisens, må klubben betale bot som er lik beløpet på lisensen.

Dommarane må føre på fullt fødselsnummer (11 siffer) på kvitteringane. Det skal ikkje utbetalast noko utan at dette er påført. Årsaken er at Skarphedin Handball må betale arbeidsgivaravgift av dommarlønna og dersom dommarane har samla utbetaling > 4.000 kr, skal det betalast skatt.

3.4 Deltakaravgift sesongen 2013/2014

Lag/Alder	Satser
Rekrutt/10 år	750 kr
11 år	850 kr
12 år	1050 kr
14 – 16 år	1375 kr
18 år	2025 kr
Damer	2025 kr
Herrer 2.div	2100 kr
Herrer 4.div	1500 kr

Det sendast ut giro for deltakaravgifta i oktober.

3.5 ”Sosialpengar” - støtte til laga

Etter ferdigspela sesong kan laget få pengar til ein avslutning som laget vel sjølv. Det er viktig at det leverast kvitteringar tilbake til dagleg leiar. Det må også leverast eit vedlegg med namn på spelarane som deltek.

Reglar for utbetaling er

- 1000 kr til laget

- pluss 100 kr pr. spelar utover 10 stk.

Det foreligger også midler lag kan søke på iløpet av sesongen. Hvert lag kan søke om 3.000kr til en aktivitet av sportlig og sosial art. Dersom ikke begge vilkårene ligger til grunn, vil en kunne søke om 1.500kr

3.6 Fellescup

Styret oppfordrer alle yngre lag til å delta på en felles cup iløpet av sesongen. Cupen som har blir valgt de siste årene er Baldus Cup, som foregår i Lillehammer i slutten av april.

3.7 Dugnader i handballgruppa

Alle foreldre/føresette plikter å delta på handballgruppas dugnader. Dei faste dugnadene gruppa har er

- Tusse Sommarland Cup
- Ryddejobb i Bø Sommarland

Desse dugnadane er avgjerande for gruppas økonomi. Dersom vi f.eks. ikkje har nok personar til vakter under cup'en, må det leigast inn vakter. Dette kostar gruppa mykje pengar kvart år. Det er i år ikkje sal av lodd for Norges Håndballforbund.